

# Visitasedredrag, Frøyland og Orstad

## Innleiing

Dette er den første bispevisitasen i Frøyland og Orstad kyrkje.

Sidan kyrkjelyden blei starta i 1994 og kyrkja sto ferdig i 2008, har det ikkje vore visitas her. Nå er dette også min siste visitas som biskop, så eg avsluttar mine visitasar her i bispedømmet med denne.

Ein bispevisitas skal ikkje vere besøk av ein kritikar og inspisør. Når eg kjem til ein kyrkjelyd, ønskjer eg å lære, støtte og inspirere. Visitasen skal bidra til at ein i løpet av ei veke får sjå noko av heilskapen i kyrkjelyden, stadfesta det som er verdifullt og sjå framover.

I bispedømmet - faktisk også i heile kyrkja - er me stolte av denne kyrkjelyden. Me er stolte av at de har bygd opp ein kyrkjelyd heilt frå grunnen av – og lukkast med det. Me er stolte av at de har bygd ei flott kyrkje. Me er stolte over at de er ein kyrkjelyd som set sitt preg på lokalsamfunnet. Me er stolte av at de er ein diakonal kyrkjelyd, med engasjement for flyktningar, barn og unge og dei sårbare i samfunnet. Me er stolte av at de er ein kyrkjelyd som bidrar til vekst i tru for mange med mykje kyrkjeleg erfaring og mange med lite, for unge og for folk som har levd lenge.

Samtidig høyrer eg også at de ikkje har slått dykk til ro. De vil vidare. De har eit klart mål om å vera ei kyrkje for dei som ikkje går i kyrkja til vanleg. Då seier det seg sjølv at kyrkjelyden alltid må vera retta utover. Det er ei retning og eit engasjement som speglar at kyrkja er misjonar – og det fortel at de tek oppdraget me deler på alvor. Sokneråd, dagleg leiar og sokneprest har ei god hand om leiinga av denne prosessen.

Så då vil eg gjerne fortelje litt om kva eg har sett denne veka og gje nokre innspel kyrkjelyden kan drøfta vidare. Nokre utfordringar plar me også konkretisera, men det kjem i eit eige brev, utanfor foredraget. Men dette skal heller ikkje bli tannlaust. Me er tross alt på Jæren, der «drive», bakkekontakt og handlekraft er djupt festa i kulturen. Og sjølv om eg er bergensar og sunnfjording, og har budd lenge på austlandet, så synest eg godt det kunne vore fleire jærboar i verda. Her finst det både kyrkjelege og folkelege verdiar som skapar gode samfunn.

## Møte med næringslivet

Det møtte eg ikkje minst onsdag morgon, då me hadde frukost her i kyrkja med eit knippe næringslivsleiarar. Yngvar Karlsen frå Block Berge fortalde korleis verksemda er sterkt verdibasert. Anne Gunn Folkestad fortalde om Jæren Industripartner som knyter folk som treng arbeidserfaring til nyttige oppgåver. Egil Mæland fortalde om Kverneland elektriske som reduserer CO<sub>2</sub>-utslepp i bygg med svært gode resultat, og Per Steinar Lothe fortalde om korleis han brukar erfaringa frå byggebransjen til å byggja hus i Karibia, på Madagaskar og i Bangladesh, av polybetong støypt av resirkulert isopor eller resirkulerte flasker. Teknologi og gode idear herifrå som gjev hus som utan bruk av straum gjev betre innetemperatur.

Gjennom måten ein bedrift arbeider på, kan ein tena andre menneske (eller kundar, som dei også blir kalla), skapa ein god kvardag for dei som gjer jobben og rett og slett byggja ei betre verd. Eg såg tydeleg i dette møtet at næringsverksemd handlar om mykje meir enn å tena pengar. Kvalitet, etikk, innsats, omsorg og gode resultat går saman.

Som einskildmenneske har bedrifter høve til å gjera både godt og gale. Men næringslivet kan også vera berar av det som rett og slett er kristne verdiar. Godt arbeid er også ein måte Gud verkar i verda på.

## Ormedalen barnehage

Eg møtte dette ein annan stad også, då eg torsdag føremiddag var i Ormadalen barnehage, rett nedafør kyrkja.

Ein ting er at eg møtte ein god barnehage – og mange fantastiske barneansikt som gav oss lyst til å bli der og leika. Prosten måtte betala med leikepengar for å gå over ei bru og bøya seg under kvistar som ungane sperra med, rådgjevaren blei ven med eit par femåringar som bygde tårn og soknerådsleiaren fekk ein strålende velkomst som farfar.

Det som har vore spesielt i Ormadalen barnehage det siste året, er at dei har vore den barnehagen i Klepp som har teke imot dei aller ferskaste flyktningane her i landet. Frå våren av kom det barn frå krigssoner i Irak, Afghanistan og Syria, heilt små barn, der nokon hadde ferske erfaringar av å mista sine aller nærmaste eller gøyma seg for bomber.

Dei tilsette fekk to veker å førebu seg på – og opplevde at då barna kom, så måtte planar, sjølv om dei var gode, leggjast til side. Det handla om nærvær – å vera til stades for barna og foreldra. Det handla om å la barn vera barn og visa dei omsorg. Det viste seg å vera eit språk som alle forstår.

I dette møtet, med dei mest sårbare, dei minste, har både noko av det beste og noko av det mest utfordrande i det norske samfunnet vist seg. Det er rørande å høyre om den menneskelege varmen og det flotte faglege arbeidet barnehagen har gjort. Foreldra og dei barna som var i barnehagen frå før har fått god informasjon. Flyktningeforeldra fekk vera i barnehagen heilt til dei kjende seg trygge på at ungane hadde det godt. Det gjekk så godt at det blei dei fortare enn personalet hadde planlagt. Og ungane kom jo til Norge utan utstyr, så då barnehagen kl. 2245 på kvelden la ut om nokon hadde noko å dele, så var det store bordet på personalrommet fullt av klede før klokka sju om morgonen.

Både måten barnehagen har teke imot ungane på og alt det gode dette har gjort med barna, viser korleis norsk kultur er på sitt beste, med gjestfrihet, varm profesjonalitet og omsorg.

Barnehagen har også opplevd kor sårbare desse ungane er. Men likevel må barna ofte, brått, flytte vidare. Anten på grunn av omplassering mellom kommunar, eller, enno verre, fordi dei blir sende tilbake til lidingane dei kom frå. Norge er det einaste landet i Europa som sender barn tilbake til Afghanistan på denne måten. Omplasseringa skjer ut frå eit vakse perspektiv, ikkje ut frå omsynet til barna, slik både lokale hjarte bankar for og FN's barnekonvensjon føreset. Me er mange som er urolege for måten samfunnet vårt møter flyktningebarn på. Det politiske arbeidet for at barna sine rettar skal bli sett og teke vare på er ikkje ferdig, og

me opplever det er vanskeleg å bli høyrde. Det er ikkje bare dei politiske leiarane som må ta ansvar for at menneske i naud og på flukt blir sende ut av landet. Alle i kyrkja må på sin stad vera tydelege på kva som ligg i å kjempa for rettferd og visa nestekjærleik. I vår tid er dette ein av dei store utfordringane me har fått.

Moselova ber israelittane aldri gløyma at dei sjølv har vore flyktningar, og Jesus seier han sjølv kjem til oss gjennom menneske i naud. Slik kjem han til Klepp, Frøyland og Orstad også, kanskje som ein treåring frå Syria eller ei jente på fem frå Irak.

## Diakoni og misjon i kyrkjelyden

Det diakonale, arbeidet for nestekjærleik, er ikkje bare teori i kyrkjelyden. Her er det også praksis, gjennom språkkafé, julegåveaksjon, godhetsveke, fellesskap for barn og unge, babysang, blomehelsingar til eldre og et flott misjonsprosjekt for nokre av dei mest utsette i Ukraina.

Kyrkjelyden har blitt nær knytta til nokre av dei aller svakaste i Ukraina. Eg kjenner sjølv godt til situasjonen for Roma-folket. Dei er nå den folkegruppa i Europa med vanskelegast levekår. Gjennom prosjektet i Ukraina bidrar kyrkjelyden med støtte til pastorarar blant Roma-folket og til sosialarbeidarar, som mellom anna arbeider med barn i vanskelegstilte familiar. Prosjektet har også reist kyrkjebygg og leirstader.

Dei fleste kyrkjelydane i bispedømmet har misjonsavtalar gjennom det offisielle samarbeidet mellom kyrkja og misjonsorganisasjonane i samarbeidsrådet for menighet og misjon. Det sikrar kvalitet og er ein god normal. Prosjektet her i kyrkjelyden ber preg av den same kvaliteten og er knytta til eit breitt engasjement i bygda. Det er flott at kyrkjelyden har valt dette satsingsområdet og prosjektet blir drive på ein svært god måte. Det er viktig at kyrkjelyden tek vare på dette utadretta arbeidet og at engasjementet held seg stabilt.

På onsdag besøkte eg språkkaféen og møtte nye nordmenn frå mange land som hadde lyst til å læra norsk! Her var det mellom anna ferskt ankomne syrarar, ingeniørar frå Polen og unge menn frå Eritrea. Nokre av dei kom til og med frå Sandnes, fordi kaféen her var så triveleg.

Det er vanskeleg å læra eit nytt språk – og det krev mot å hiva seg utpå. Språkkaféen er ein god arena for dette. Det var ein av dei frivillige som kommenterte at me kjem hit for å bidra, men opplever at me sjølv blir velsigna.

Julegåveaksjonen, i samarbeid med Coop på Klepp og NAV, er også spennande. Det er rett og slett ein god idé fleire gjerne kan plukka opp. Kyrkjelyden samlar inn pengar til julegaver til menneske med trong økonomi. Det blir kjøpt inn gåvekort som NAV deler ut.

Det fanst ikkje gåvekort i Det nye testamente, men tanken om å dele er klart til stades. Julefeiringa vår treng denne dimensjonen.

Kyrkja har ikkje monopol på godheit, men gjennom godhetsaksjonen blir godheit og dugnad sett i system. Mange kyrkjelydar har sett at dette er ein god arbeidsform. Det er motiverande å gjera gode gjerningar!

Det har prega denne kyrkjelyden at heile kyrkjelyden skal vera diakonal. Diakonien kan ikkje lausrivast frå kva det er å vera kyrkje.

Me har drøfta om kyrkjelyden i tillegg til den felles diakonstillinga i Klepp hadde trengt ei eiga diakonstilling. Det er så mange frivillige, eit stort arbeid med grupper og mange barn og unge som gjerne kan få oppfølging at det ikkje hadde vore vanskeleg å finna meningsfulle oppgåver. Likevel er det den frivillige diakonien, den som skjer i gruppene og i kvardagen, som er umisseleg. Sjølv utan diakon i full stilling klarar kyrkjelyden gjennom livspust-gruppa gjera eit flott diakonalt arbeid.

Det både varmar og forpliktar å ha høgsongen til kjærleiken som leielinja fram til koret i kyrkja. Profilen på kyrkjelydsarbeidet her fortel at kjærleiken ikkje bare er symbolsk.

## Kyrkja i lokalsamfunnet

Dei eg har møtt som har tilknytning til denne kyrkjelyden, snakkar ofte om at kyrkja skal vera til stades i lokalsamfunnet. Folk her er ikkje bare aktive i kyrkja, men også i idrettslaget eller andre lag og foreningar.

Dette er det både god skapingsteologi og god strategi i. Idrett, historielag, kulturverksemd og demokratisk arbeid i skule og politikk har eigenverdi. Det er ikkje bare bøn og gudsteneste som er kristent liv, men også det å tene vår neste gjennom å skape gode samfunn.

I norsk historie har det til tider vore skilje mellom kristenfolk og samfunnet elles. Det kan nok visa seg framleis, når folk frykter fordømming i kyrkja. Det kan også merkast viss kulturelle kodar, ytre teikn og talemåtar definerer, meir eller mindre bevisst, definerer kven som er innafor og utafor.

Gjennom å vera ei open kyrkje og gjennom at folk som er synlege i kyrkja også er synlege på andre arenaar, kan ein halda fram med å byggja ned noko av den kulturelle skaden som pietismen, med alle sine sterke sider, også skapte.

Guds kjærleik kjem ikkje bare til syne i forkynning, gudsteneste og kyrkjelydsaktivitet. Guds kjærleik kjem til syne i måten me møter kvarandre på. At alle er elska av Gud kjem minst like sterkt til uttrykk når ei mor syng for barnet sitt på babysang som når det står i eit kyrkjelydsblad (som er veldig godt her i Frøyland og Orstad). At Guds rike er ope kjem like sterkt til uttrykk når kyrkja har opne dører for skule, juleavslutningar i bedrifter og kulturarrangement som når det står i eit visjonsdokument.

Konfirmantar, barn i trusopplæring, brurepar, sørgjande, alle tolkar korleis kyrkja møter dei som eit uttrykk for korleis Gud vil møta dei. Her både lukkast og kjem me til kort som representantar for kyrkja, men eg gler meg over å høyra korleis mange her i bygda opplever at kyrkja er deira kyrkje og at ho er open for dei. Det finst eit eigarskap, ein stoltheit og ei glede over kyrkja, både bygget og verksemda, som det er flott å sjå som biskop. Eg håpar Frøyland og Orstad når neste biskop kjem på visitas, vil vera minst like grunnfesta i lokalsamfunnet.

## Kultur

På torsdag hadde me kulturkveld, og fekk oppleve alt frå drivande Aaslandbros som sang Johnny Cash til opplesing av Theodor Dahl og dyktige, musikalske elevar frå kulturskulen.

Elles lukkast kyrkja med å invitera mange kjende artistar til kyrkja. Det er flott å få nokre av dei store nasjonale namna til ein lokal kyrkjelyd, noko kyrkjebygget sjølv sagt har mykje å seie for. Kultur og konsert kan setja ord på store ting i livet. På sitt aller beste løfter han oss til Gud. Både bilete, natur, dans, tekstar og musikk talar til oss på måtar som ofte har raskare veg til hjarta enn bare ord. Derfor er jo også gudstenesta full av kunst.

Det er viktig å vidareutvikla og halda på kyrkja som kulturkyrkje. Godt kulturarbeid er også godt kyrkjelydsarbeid.

Kulturen finst ikkje bare i tonar og bilete, men også nedfelt i stein og jord. Det går pilegrims- og kulturvandringar rundt i bygda, på torsdag fekk eg vera med Jostein Frøyland og høyra om fleire tusen år med historie som framleis er synleg for dei som følgjer skiltinga. Folk treng å møta Gud i mange språk og på fleire arenaar. Frå bispedømmet elles har me erfaring med at pilegrimsarbeid kan inkludera nye.

## Skule-kyrkje

Ein annan viktig arena er kyrkja sitt møte med skulen. Kyrkja si trusopplæring skjer i kyrkja. Kyrkja som kulturberar og stemme i livssynsmangfaldet er viktig for skulen.

Å kunna orientera seg i landskapet av tru og livssyn er ein del av det å vera menneske. Deler av denne læringa skjer i skulen, og det er festa i læreplanar at skulen skal gje rom for elevane si identitetsbygging, ikkje minst i forhold til religiøs identitet.

Derfor er det mange ting som gjer det viktig med eit godt samarbeid mellom skule og kyrkje. Kyrkja er viktig som kulturinstitusjon og verdiberar. Mange av dei viktigaste verdiane i samfunnet vårt, med likeverd og omsorg, demokrati og rettferd, har historisk bakgrunn i kyrkja. Skulegudstenester er naturleg både som kulturelt kontaktpunkt, ut frå tradisjonen og ut frå at mange elevar er ein del av kyrkja. Mange muslimar set også pris på å møta eit samfunn som snarare er tydeleg på livssyn og rom for mangfald enn fritt for religion.

I Frøyland og Orstad fungerer skule-kyrkje-samarbeidet godt, med fleire faste møtepunkt. Kyrkja er open for å bli brukt meir, og det har blitt formidla under visitasen. Mellom anna kan dei historiske og kulturelle pilegrimsvandringane som er utvikla fungere godt pedagogisk, og kyrkje og skule kan gjerne samarbeide meir om dette.

## Trusopplæring og kyrkjelydsarbeid

I kyrkjelyden finst det rikeleg med tilbod til barn- og unge, både gjennom kor, klubbar, sundagsskule, trusopplæringstiltak, konfirmasjonsundervisning og FOKUS. Oppslutninga viser at tiltaka treff og er viktige i kvardagen til mange barn og unge.

Det er ikkje så lenge sidan Jæren prosti fullførte planarbeidet i trusopplæringsreforma. Trusopplæringa er kyrkja si viktigaste satsing for tida, alle døypte, uavhengig av

funksjonsnivå, skal få tilbod som gjev dei kjennskap til den treeinige Gud, engasjement for kyrkje og samfunnsliv og hjelp til livstolking og livsmeistring.

Frøyland og Orstad kyrkjelyd har ein solid, omfattande og god plan for dette, under overskrifta «Godt skodd». Kyrkjelyden er kome langt i å ha eit breitt tilbod for ulike aldersgrupper, og har god kvalitet og oppslutning om tiltaka. Soknerådet er klare over moglegheitene som følgjer av dette og behovet for å prioritere trusopplæring.

Når eg ser den frivillige innsatsen som pregar kyrkjelyden, blir eg takksam og imponert. Det blir lagt ned utrulege mengder frivillig innsats frå folk som ryddar rom i ein travel kvardag, for å opna kyrkja for barn, unge og vaksne, skapa møteplassar, byggja fellesskap, bidra til vekst og gje erfaringar med Gud.

Kyrkjelyden her er ein av dei kyrkjelydane som har lukkast med å skapa eit stort ungdomsarbeid. Her høyrer eg at ungdom trivst med kvarandre, har eit brennande engasjement, får prøva nye utfordringar og voksa som menneske. Arbeidet skapar og styrkar tru, og gjev god leiartrening.

Det er viktig at kyrkjelyden støtter godt opp om ungdomsarbeidet. Ungdom må få arenaer der dei sjølv kan utvikla seg, men dei må også ha nok vaksne rundt seg til at arbeidet blir trygt. Til dømes er det flott at så mange stiller opp som gruppeleiarar for konfirmantar. Ungdomsarbeidet treng også at leiarane har vaksne tilgjengeleg som kan støtta praktisk og gje råd i utfordringar.

Soknerådet i Frøyland og Orstad er godt organisert for å ta vare på heilskapen i kyrkjelyden. Dei har også eit medvite og målretta strategisk arbeid. Det er godt samarbeid mellom stab og sokneråd. Sjølv om soknet også har vore gjennom krevjande periodar ein framleis kan sjå spor av, så har ein likevel kome til eit punkt der det er vegen vidare som er i fokus. Det betyr ikkje at den smerta nokon har kjent ikkje har vore ekte og framleis kan vera der. Kristne fellesskap er ikkje fellesskap utan sår. Men eg er glad for å høyra at kyrkja også viser seg som eit fellesskap der ein kan gå vidare etter å ha hatt det vanskeleg. Det kan aldri vera eit krav, men når det skjer kan det bli ei gåve.

Dei frivillige gjer ein stor innsats for kyrkja og bygda, og dei tilsette utøver klokt leiarskap og legg praktisk til rette for arbeidet på ein måte det står stor respekt av. Kyrkja er så aktiv og så stor at ein knapt kan venta å ha ei kjensle av kontroll, men midt i alt som skjer er det viktig at alle som sit i sentrale posisjonar tek vare på seg sjølv og kvarandre.

## Kyrkje og kommune

Her i Klepp møter også kyrkja ein kommune som tek godt vare på kyrkja. Den norske kyrkja er ei folkekyrkje som både famnar mange og vil bety mykje for mange. Bare her i Klepp kommune, inkludert Frøyland og Orstad kyrkjelyd, er det om lag 17 000 kyrkjemedlemmar. Kommunen har god forståing for kva rolle kyrkja spelar og kva moglegheiter som ligg i godt samarbeid.

Det største prosjektet kommunen og kyrkja har saman for tida, er planane for ny kyrkje på Klepp. Desse begynner nå å bli så konkrete at vi kan gle oss og sjå at dette vil det bli noko av.

Det trengst framleis avklaringar, men kommunen og kyrkja har ein felles intensjon om å byggja ei kyrkje som vil tena innbyggjarane som både kvardags- og høgtidskyrkje i generasjonar framover.

Dette blir eit stort prosjekt som vil tilføra Klepp svært mykje, og eg bed om både signing, klokskap og arbeidsglede for dei som skal bidra til å realisera prosjektet. Mitt innspel til dette som biskop er at ein må planleggja godt for å få eit godt resultat. Kartleggja behovet, rekna på kostnadar og gjera gode prioriteringar ut frå eit langsiktig perspektiv.

Elles er også prosessen med å få til ein lokal gravplass ved Frøyland og Orstad kyrkje godt i gang. Det har nettopp vore prøvegravning på tomta nær kyrkja. I Bergpreika står det om å byggja på fjell, men her var det heldigvis bare jord over alt. Neste fase blir å leggja ein god plan, med mål om å møta dei behova for ein lokal gravplass som ligg i bygda. Her viser også Klepp kyrkjelege fellesråd seg som ein profesjonell forvaltar på vegne av breidda av samfunnet.

Under visitasen har vi også fått høve til å presentera behovet for fast finansiering av stillinga som dagleg leiar i kyrkjelyden. I den kyrkjelege strukturen og dei fleste stader i bispedømmet høyrer det med ei stilling som tek seg av økonomi, kyrkja si forvaltningsside og ikkje minst tilrettelegging av den store frivillige innsatsen. Frøyland og Orstad er eitt nytt sokn der mykje av denne funksjonen til nå har vore gjevarfinansiert. Som ein nødvendig og strategisk funksjon for at kyrkjelyden skal fungera, er det naturleg at kyrkja har meldt behovet for at denne stillinga kjem med i det ordinære kommunale tilskotet til kyrkja, slik at situasjonen på dette området blir normal.

Eg har hatt fleire gode møtepunkt med ordførar, politikarar og administrasjon i Klepp i løpet av tida mi som biskop. Eg opplever måten me blir møtt på som kyrkje som svært god. Kommune og kyrkje har felles mål om å leggja til rette for gode liv for menneska som bur her. I det har me ulike roller og mange kontaktpunkt. Samarbeidet med NAV om julegåveaksjonen og språkkafé for flyktningar er bare to av mange eksempel på at det i Klepp finst samarbeid som fleire kan ha nytte av å høyra om.

## Å skapa tru

Å skapa tru handlar ikkje bare om å tilby aktivitet. Det handlar også om kva bilete me som representantar og leiarar i kyrkja gjev av kva det er å tru.

På mange område er kyrkjelyden i Frøyland og Orstad eit førebilete. Mange gjev tid, pengar og kompetanse til det kyrkjelege arbeidet. Kyrkjelyden er prega av glød og god oppslutning. Oppslutninga om gudstenester er på toppnivå nasjonalt.

I det store engasjementet ser eg at me også treng å minne oss sjølv om at trua er ei gåve. Du treng ikkje vera frivillig i kyrkjelydsarbeid for å ha del i Guds nåde. Me kjem aldri lengre enn i tru enn me gjer når me blir døypte, og blir haldne og elska inn i Guds rike, som Guds barn.

Nettopp derfor er det viktig med ei breidd av ulike menneske i kyrkja, og ei breidd av ulike møteplassar i kyrkjelyden. Så mange kan finna sitt språk for tru og sin måte å vera med på.

## Avslutning

Nå skal eg avslutte mitt siste visitasforedrag. Det gjer eg her i Jæren prosti og her i Frøyland og Orstad kyrkje.

I kyrkjerommet her oppe er det lys og store rom. Det er eit stort dåpsbasseng, der babyar får kjenna vatnet, som gjer dei til Guds barn og ein del av kyrkjelyden. Heilt sentralt, over alteret, står krossen.

I kyrkja samlast me om evangeliet. Me sit alle ved krossen, der Jesus, Guds Son, gav livet sitt for oss.

Me ser at krossen er tom, at Jesus har stått opp frå dei døde, gjev oss håp og rekker fram det evige livet til oss, til barna i dåpen, til familiare som står rundt dei, til alle som samlast til gudsteneste anten dei er her ofte eller sjeldan, at kjærleiken frå Gud kaster lys også over våre mørkaste dagar.

Eg håpar alle som kjem hit til kyrkja, gjennom alt det som skjer her, får kjenna evangeliet, forkynt så klart og varmt at dei kjenner det gjeld akkurat dei. At det er dei som er sett og elska av Gud, dei som skal bera kjærleiken vidare i verda, dei som kan kvila i at dødskreftene ikkje får det siste ordet, men at det er Jesus Kristus som ventar med sin kjærleik bak døden.

Det slepp mykje lys inn i Frøyland og Orstad kyrkje. Lyset frå Gud gjev liv, til eit mangfald av menneske. Gjennom dei skal det gå mykje lys ut frå kyrkja, og det lyset kjem frå Jesus Kristus. Det har det vore ei glede å dela med dykk og alle eg har møtt i Stavanger bispedømme.

Sidan me er i eit område der røtene våre er den keltiske kristendommen, sluttar eg med ei gammal keltisk utsending:

*Måtte Kristus som går med såra føter  
gå saman med oss på vegen  
Måtte Kristus som tener med såra hender  
strekka ut våre hender til teneste  
Måtte Kristus som elsker med såra hjarte  
opna våre hender til kjærleik*